



KLIMACAFÈ – FLAUM OG KLIMATILPASSING, 15. mars 2022

Kva legg du i omgrepet klimatilpassing?

- Tilpasse samfunnet etter naturen i eit nytt klima – ikkje omvendt
- Møta utfordringane med eit nytt klima
- Vera open for endring

- Tiltak for å dempa klimaendringane f.eks flaumsikringstiltak

- Tilpasse seg og ta omsyn til endringar i klima
- Ta omsyn til oppdatert kunnskap i planarbeid
- Ta fram att gamal kunnskap om tiltak i samband med ekstremvær
- Viktig at kvar og ein tek ansvar for sitt nærrområde

- Ta inn over seg at det vert varmare – villare - våtare

- Matproduksjon – auka produksjonen – meir sjølvforsyning
- Geofarar; flaum, skred, tørke
- Hindre skade av klimaendring («villare, våtare, turrare»)
- God varsling for hindra/førebyggje skade
- Tiltak for å stoppa utviklinga i klimaendringa

Kva er dei viktigaste grepa Voss herad / utbyggjar / næringsliv/ folk flest bør ta for å kunna arbeida med klimatilpassing;

- Klimatilpassa utan å skade klima og natur
- Syne handlekraft
- Ta seg tid til å finna beste løysinga
- Kva er beste løysing?
- Involvering, kunnskapsformidling, inspirera
- Nytenking og innovasjon – material, design
- Kva moglegheiter ligg i det nye klimaet?

- Lange flaumsikringstunellar frå Vossavassdraget til Hardangerfjorden

- Ta med klimagassutslepp – 30 års periode – som del av rekneskapen (statlege midlar)
- Kunnskap
- Klimaomsyn betyr i mange samanhengar auka kostnader (statlege midlar)
- Kunnskap, informasjon, opplæring!

- hyttebygging og ikkje minst transporten til/frå
- Fortetting i sentrum – god klimapolitikk. Krev at Vangen er effektivt sikra mot flaum

- Flaumtoppane må ut av vassdraget
- Tilpasse nybygg/dyrking til flaumprognosar

- Forbruk (reduksjon)
- Førebu oss på ekstremane - førebyggja skade
- Kartleggja bekkar og groer
- Arealbruken er eit problem – CO₂ utslepp
- Alt utbygd areal skal erstattast av revegetering /reetablering
- Ta ut overskotsmassar (grus og stein) som fyller opp vassdraget og reduserarar kapasiteten (hydraulisk). Det bør lagast ein "Masseuttaksplan" for vassdraga.

Konkrete innspel til Vossaklima 2030

○ Er dei foreslåtte strategiane for klimatilpassing ok? Noko som manglar?

- Ja
- Ta inn CO₂-utslepp og naturverdiar i det samfunnsøkonomiske reknestykket
- Tenkja over strategiar for ei varmare vintersportsstad

- Flaumreguleringstunellar

- Kva legg de i begrepet samfunnsøkonomisk prinsipp i denne samanhengen?

- Lite konkret

- Ja me må ha data som kan hjelpe oss

- Framlegg om at pkt 2 er overflødig (god dialog med innbyggjarane)
- "samfunnsøkonomisk prinsipp til grunn" - vil det bety at miljø/natur (som ikkje har økonomiske verdiar) alltid må vika?

○ Kva konkrete tiltak bør prioriterast neste fem åra? Neste ti åra?

- Finna løysing på flaumtiltaka

- Neste 10 åra; flaumreguleringstunellar

- Verna Vangen mot flaum snarast!

- Me meiner at vatnet må leiast tunell, i mellomtid må me tilpasse oss ved bygg/logistikk som toler flaum

- Varslingssystemet "FlomRisk" på plass

Andre innspel:

- Kva gjer resten av landet

- Nye bygg må forplikte seg til å produsere energi

- Flaumskadar på dyrka mark langs vassdraga våre er store og utfordrande for landbruket. Har me råd til at store områder vert lagt brakk grunna flaum? - Matberedskap